# Prosjektet 'Alternative tiltak mot plommelarver' er i gong

**Tekst: Gunnhild Jaastad og Nina Trandem, NIBIO.**

Redusert tilgang på kjemiske plantevernmiddel krev ei tilsvarande auke i tilgang på effektive alternative tiltak om norsk matproduksjon skal oppretthaldast. I frukt hastar det svært mykje med utvikling av alternativ då det no ikkje finns godkjente kjemiske plantevernmiddel mot sommerfugllarver. Landbruksdirektoratet har difor løyvd midlar til prosjektet «Alternative tiltak mot plommelarver» som har som hovudmål å redusere trongen for kjemiske plantevernmiddel mot plommeviklar (*Grapholita funebrana*) og plommeveps (*to Hoplocampa-artar*).

I løpet av dei tre komande åra skal NIBIO saman med NLR, plommeprodusentar og fruktpakkeri kartleggje utbreiing, flygeperiode og skadebilete av dei to skadedyra. Naturlege fiendar skal kartleggjast med tanke på mogeleg biologisk kontroll og effekten av alternative fysisk–kjemiske tiltak og feromonforvirring skal undersøkjast.



*Åtak av plommeviklar gjev plommer som ikkje kan seljast. Foto: Gunnhild Jaastad.*


**NY NETTSIDE:**
**Frukttre for profesjonelle fruktdyrkarar**




**PLANT SMART**

## Fullsortiments leverandør

**av frukttre m.m. Levering vår eller haust etter ynskje. Lang røynsle med import frå hovudleverandør Fleuren og enkelte andre planteskular.**

God økonomi i fruktproduksjonen krev intensive plantesystem - **plant smart!**

**Ta kontakt for ein fagprat:**

**Vidar Jåstad,** mob. 975 87 623
e-post: jaastad_planteskule@yahoo.no

**Tomas Hesthamar,** mob. 975 06 440
e-post: tomas.hesthamar@idata.no

*sjå alle sortane på*
***www.plantsmart.no***

**www.plantsmart.no**